

SVERRE STAUSLAND JOHNSEN

1901-rettskrivinga, midlandsmakselen og riksstyremålet

1 Innleiing

I 1901 kjende kyrkje- og skuledeilda (frå no KSD) god ei ny rettskriving for landsmålet. Dette vedtaket hev fenge eit monaleg rom i den norske rettskrivingssoga, men det hefter seg somme mistydingar med dette vedtaket som dette stykket etlar å retta opp i. Dei missskjøningane eg skal samna meg om i denne venda, er desse:

1. Rettskrivinga frå 1901 var den fyrste riksgodkjende makselen for landsmålet.
2. Vedtaket kravde at riksstyringsverket laut fylgja rettskrivinga.
3. KSD gav skulenæmingane løyve til å skriva etter midlandsmakselen.
4. Det norske samlaget gjorde framstøyten for ei ny rettskriving.
5. KSD tok ved framslaget frå Marius Hægstad til ny rettskriving.

I dette stykket skal eg freista å syna at desse påstanda i beste høve er uvisse og i verste høve range.

Takk til Lars Vikør og tre unemnde felagar for merknader og innlegg.

Stausland Johnsen, S., Professor of Scandinavian linguistics, University of Oslo. "The orthography of 1901, the Midland norm, and the language of the central administration". *ANF* 135 (2020), pp. 95-111.

Abstract: The Norwegian Ministry of Church and Education decided on a new orthography for the Norwegian language in 1901. There are some common misconceptions about this decision in the scholarly literature on the history of the Norwegian language, and this article aims to correct these misconceptions. Contrary to common belief, the orthography of 1901 was not the first official orthography for Norwegian. Instead, the first official orthography for Norwegian was declared by the Ministry in 1893. Next, the Ministry did not mandate that the central administration had to follow the new orthography, nor did it allow school children to follow an alternative orthography (the "Midland norm"). Although the orthography of 1901 is commonly known as the "Hægstad norm", it does not follow Prof. Marius Hægstad's proposal in every respect. There is also nothing to indicate that the publishing house *Det norske samlaget* took the initiative for orthographic reform, despite this being a common claim.

Keywords: Norwegian, landsmål, orthographic reform, official norm, Midland norm, Hægstad norm, central administration, school, Samlaget, Vilhelm Wexelsen, Marius Hægstad, Matias Skard.

DOI: <https://doi.org/10.63420/anf.v135i.27840>

2 Den fyrste landsmålsmakselen

I 1901 tok KSD ved at rettskrivinga i *Landsmaals-ordlista* hans Matias Skard “godkjendes til Skolebrug og bliver at anvende i alle Lærebøger, skrevet paa Landsmaal, som bruges i Skolen” (sjå *Norsk Lovtidende* 1901(2): 54; *Universitets- og skole-annaler* 1901: 301). I norske målsogebøker vert vedtaket ordleitt som at denne rettskrivinga var den *fyrste* riksgodkjende rettskrivinga for landsmålet. Her kjem nokre dømme frå somme av dei mest kjende målsogebøkene:

På denne måten fikk I[ands]m[ål] sin første offisielle rettskrivningsnorm (Haugen 1966: 36).

Dette var den første offisielle rettskrivning for nynorsk (Vinje 1978: 255).

Dette skjedde i 1901, og landsmålet hadde med det for første gong ei rettskriving med eit offisielt stempel på seg (Haugland o.a. 2002: 92).

I 1901 [...] hadde landsmålet fått si første offisielle rettskriving (Torp og Vikør 2014: 136).

Dilike ordleggingar finn me i mange andre bøker, som til dømes hjå Midttun (1924: 50),¹ Skard (1979: 38), Vikør (2018: 373), Hoel (2018: 496), Rambø (2018: 561) og Jahr (2019: 37). Men i røynda kjende KSD ein landsmålsmaksel for god i skulen alt i 1893. Året før, i 1892, hadde Stortinget teke ved ei logsetning som sa dette:

Skolestyret bestemmer, om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede paa Landsmaal eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af disse Maal Elevernes skriftlige Arbejder i Almindelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal.²

På den tida var det kjent kva rettskriving skulenæmingane skulle fylgja for det norsk-danske skriftmålet. KSD hadde rådt at dei laut retta seg etter føresegnene i boka *Retskrivnings-regler til skolebrug* frå Jonathan Aars (1885: 3). Men for det *norske* skriftmålet var det enno ikkje avgjort. Etter at loga frå 1892 vart gild, var det ikkje audsynt for lærarane i skulen kva dei skulle tyfta landsmålsopplæringa på. Nokre skulestyre vende seg difor til KSD og spurde “hvilken Sprogform der skal forstaaes ved det nu af Skoleloven paabudne ‘Landsmaal’”. Det ålment kunngjorde svaret frå KSD var eintydig nok (sjå *Norsk Lovtidende* 1893(2): 416–417):

¹ Attarst i boka *Norsk målsoga* hans Marius Hægstad stend eit tillegg på tre sider, under-skrive med førebokstavane “O. M.”. Eg er tolleg trygg på at det må vera Olav Midttun, og difor har eg ført opp tillegget med det namnet i tilvisingane her.

² Besl. O. No. 55 & 66. Setninga vart vedteken i Odelstinget 27/5 1892, Lagtinget gav sitt jaminne 1/6 1892, og loga vart sett i gilde 6/7 1892, sjå *Stortingsforhandlinger* 41(6b): 162; 41(9): 117, 141, 149.

[...] at der ved [Landsmaalet] tænkes paa det Aasenske Landsmaal og den paa Grundlag af dette udviklede Landsmaalsform. [...] Landsmaalet er leksikalsk og grammatisk behandlet af Ivar Aasen selv, som særlig i 2den Udgave af sin Grammatik [...] giver Veiledning til den korrekte Sprogbehandling af dette Maal. En kort Fremstilling af Grammatiken har man i Hægstads Maallæra, Namsos, 1879.

Det er berrsynt frå dette svaret at KSD tok og merkte ut landsmålet hans Aasen til landsmålsmakselen i skulen. I rettskrivinga, eller “den korrekte Sprogbehandling”, skulle dei byggja på mållærebøkene frå Aasen (1864) og Hægstad (1879). Det er, med andre ord, dette skriftmålet og denne rettskrivinga som var den fyrste riksgodkjende landsmålsmakselen. Dag Gundersen skriv det same i målmakslingssoga si, der han kallar bodstikka frå 1893 for “[d]en første offentlige godkjenning av en norm for landsmålet” (1967: 62). Jamvel Finn-Erik Vinje, for alt det han skriv om 1901-vedtaket (sjå ovanføre), kallar denne “første offentlige godkjenning av en norm for landsmålet” for “den første offisielle landsmålsnormen” (1978: 235). Ottar Grepstad òg les bodstikka soleis, at ho skulle syna fram “rettskrivinga på landsmål” (2006: 19).

Med di fekk ikkje landsmålet sin fyrste riksgodkjende maksel gjennom rettskrivingsvedtaket i 1901, for ein slik maksel hadde vore til like frå 1893. Det som hende i 1901, var at landsmålsrettskrivinga fekk si fyrste *ombot*. Oddvar Nes segnar det rett i omvølinga av den vesle Seip-mål-soga, der han skriv at “landsmålet fekk dermed si første rettskrivingsforandring i 1901” (Seip 1976: 52).

3 Rettskrivinga i styringsverket

Vedtaket frå 1901 var eit vedtak om skriftmålet i skulen, sjå fyrste setninga i bolk 2 ovanføre. Men i somme verk lèt dei om at riksstyringsverket laut fylgja rettskrivingsvedtaket au:

Forfatterne behøvde jo ikke følge den [...]. Men skolene og regjeringskontorene skulle holde seg til den (Haugen 1966: 36).

[I] 1901 hadde landsmålet fått sin første offisielle rettskrivningsnorm, fastslått til bruk i skolen og i det offentlige styringsverket (Skard 1979: 38).

[Då] fastsette departementet at [1901-rettskrivinga] heretter skulle vere offisiell rettskriving i skule og administrasjon [...] (Haugland o.a. 2002: 91–92).

Dette er ikkje rett. Sjølv vedtaket sa inkje om skriftmålet utanføre skulen. Det var fyrst i 1907 at KSD tok i spørsmålet om styringsverket skulle fylgja rettskrivinga, då dei kom til denne avgjerda (sjå *Norsk Lovtidende* 1907(2): 65):

[...] de i nedenanførte udkast til forandringer i den nu almindelige skrive-maade givne regler befales anvendt i regjeringsprotokoller, i de fra regjeringens departementer og de under den hørende direktorater og andre centraladministrative myndigheder udgaaende skrivelser og tryksager, senest inden 1ste januar 1908.

Dette vedtaket galdt berre det norsk-danske skriftmålet. Like fullt er det rimeleg å tru at styringsverket skjønna det soleis at dei laut fylgja den riksgodkjende rettskrivinga i båe skriftmåla. Endå skal eg ikkje seia det for visst. I ordet var det fyrst i 1917 at same kravet vart sett i gilde for det norske skriftmålet, då KSD rådde dette (sjå *Norsk Lovtidende* 1917(2): 1000):

At de i nævnte indstilling omhandlede rettskrivningsregler befales anvendt i regjeringsprotokoller, i de fra Regjeringens departementer og de under dem hørende direktorater samt andre centraladmin[i]strative myndigheter utgaaende skrivelser og tryksaker senest fra 1 juli 1918, hvad enten vedkommende protokoller eller dokumenter er avfattet paa landsmaal eller paa almindelig bokmaal [...].

4 Midlandsmålet for skuleborna

Ei nemnd ihopsett av Marius Hægstad, Arne Garborg og Rasmus Flo sende i 1899 ei tilråd om ny rettskriving i landsmålet til KSD. Flo og Garborg vart sams om å flytja hovudgrunnlaget for landsmålet bort frå vestlandsk til midlandsk (Hægstad, Garborg o.a. 1899: 108–115). Samstundes ville dei at denne makselen berre skulle gjelda for skulebøkene; skuleborna sjølv burde kunna få lov til å skriva sitt eige bygdemål (1899: 116). Hægstad ville ikkje setja namnet sitt under denne tilråda. I staden førde han si eiga røyst i pennen, og han rådde til ei varsam ombøting av 1893-makselen (1899: 118–126).

Etter at KSD hadde fenge tilrådene frå nemnda, bad dei om fråsegner frå Matias Skard og Lars Eskeland. Båe studde Hægstad og mælte ille om midlandsmakselen åt Flo og Garborg (Hægstad, Garborg o.a. 1901: 4–10). Då samræddet nemnda på nytt, og dei samdest om dei orda Hægstad hadde lagt fram i fyrste venda (1901: 12–18). Men heilt til sist i dette skrivet kjem eit nytt tillegg på tre sider frå nemnda, og dette er det verdt å herma frå:

[...] skulestyri [...] kann [...] gjeva bygdemalet so stort rom i den skriftlege maal-undervisning som dei finn rimelegt til lette for borni, [...] [men] med det utskilt, at alle maa læra aa lesa landsmaalet i den vanlege form. [...] Men daa [...] finn nemndi at det vil vera gagnlegt aa setja upp ei sideform [...] etla til bruk i folkeskulen i bygder eller byar som maatte ynskja det. Ei slik sideform [...] vert framlagd til fritt val for skular som i den maatte tru aa finna ei meir lettbrukt rettleiding for norsk maal-undervisning, serleg i det skriftlege. Nemndi trur at godkjenning av ei slik sideform ikkje vil skilja, men heller vera til hjelp for samanveksingi [av norske skriftmålsavbrigde]. Daa [...] vil det vera rimelegt, at skular som hev valt sideformi fær lærebøker og i den, um dei so krev (1901: 19–20).

I dette tillegget hev nemnda veikt råda si nokolunde om at skuleborna skulle få skriva bygdemalet sitt, men vil samstundes at skulestyra på staden skal få velja om dei vil hava skriftmålslæringa og lærebøkene sine i “normalformi” eller i “sideformi”. Denne “sideformi”, skriv nemnda, er midlandsmakselen Flo og Garborg la fram i 1899 (1901: 20).

KSD svara ikkje på tilråda frå nemnda, og ho kom heller ikkje inn på noko av det nemnda la fram om bygdemål og midlandsmål i norskopp-læringa og skulebøkene. Det einaste KSD sa om saka, var vedtaket som vart sendt ut i ei bodstikke (sjå *Norsk Lovtidende* 1901(2): 54; *Universitets- og skole-annaler* 1901: 301):

Kongelig Resolution, hvorved er bestemt, at Seminarlærer Matias Skards „Landsmaalsordlista“ i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form godkjendes til Skolebrug og bliver at anvende i alle Lærebøger, skrevet paa Landsmaal, som bruges i Skolen.³

Landsmaals-ordlista hans Skard nemner ikkje framlegget frå rettskrivingsnemnda, og ingen av ordsropa frå midlandsmakselen er medtekne der.

Frå desse sakstilhøva hev ei heil rad med målsøgebøker kome til det at KSD kjende midlandsmakselen god for skulenæmingane i deira egne skriveverk. Her kjem nokre døme på det:

Resolusjonen av 1901 hadde godkjent midlandsformene til bruk i skolen, dvs. de ble sideformer som det var tillatt for elevene å bruke i sine skriftlige arbeider, mens lærebøkene skulle være på ordinært landsmål [...] (Skard 1979: 39).

[Då] fastsette departementet at [...] elevar som ville, kunne nytte midlandsnormalen (Haugland o.a. 2002: 91–92).

³ Stellet med “i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form” er ei gåløyse eg kjem att til i neste bolken.

Resultatet vart at midlandsnormalen vart gjort valfri for elevane, men da berre som heilskap: Dei som valde denne normalen, måtte altså gjennomføre han i alle detaljar (Vikør 2018: 377).

midlandsnormalen: Rettskrivingsnormal for nynorsk som var tillaten for skoleelevar i nokre år frå 1901 av [...] (Bull 2018: 520).

Det same påstandet vert målbore hjå Midttun (1924: 50), Vinje (1978: 259), Otnes og Aamotsbakken (1999: 155), Torp og Vikør (2014: 193), Hoel (2018: 496) og Jahr (2019: 37). Kva alle desse bøkene byggjer denne domen på, og kva kjelder dei hev nøytt, det kjem ingen av dei inn på. Som hermingane ovanføre syner, er det to sider ved dette påstandet:

1. Lærebøkene laut fylgja hovudmakselen, men næmingane kunne fylgja midlandsmakselen i skrivinga si, om dei ville det.
2. KSD tok ved ein slik skipnad.

Det er ikkje lett å sjå kva dette skal byggja på, for eg finn korkje att i grunnskriwa for 1901-rettskrivinga. For det fyrste, og som synt ovanføre, tok rettskrivingsnemnda aldri til ords for ein slik skipnad i framlegga sine frå 1899 og 1901. Dei ville at skulestyra sjølve skulle råda for om både skriftmålsopplæringa og lærebøkene skulle vera i hovudmakselen eller i midlandsmakselen. At dei to skulle kløyvast, so at lærebøkene laut vera i hovudmakselen, men at næmingane kunne skriva etter midlandsmakselen, det orda nemnda aldri frampå om. Og for det andre kjenner eg ikkje til at KSD nokon stad hev sagt noko om korkje denne skipnaden eller midlandsmakselen i det heile.

Den einaste eg veit om som hev lagt fram grunnlaget for omdøminga si i dette stykket, er Kjell Venås. Han skriv:

I rundskrivet av 6.2.1901 hadde departementet heller ikkje teke stode til sjølve konklusjonen i tillegget til "Framlegg" med tilrådinga om å kunne bruke midlandsmålet som sideform i skulane. Då måtte ein vel gå ut frå at det rettskrivingsnemnda samrøystes sa i "Tillæg" [...] var godteke, der ho gjekk inn for "ei sideform ... etla til bruk for folkeskulen i bygder eller byar som maatte ynskja det".

Dette vart fyrst teke opp og teke omsyn til av Lars Eskeland då han gav ut den femte utgåva av *Norsk formåler* i 1902. Der er det eit tillegg til landsmålsnormalen av 1901. I tillegget står [...] hovuddraga i midlandsmålet (1992: 308).

Det er ugrent å vera samd med Venås her. Er so ei nemnd sender ei tilråd til styresdeilda, men dei korkje svarar eller nemner tilråda deira, då er det urimeleg å lesa det soleis at styresdeilda hev gjenge god for alt som stend der. Rett nog heiter det at den som teier, han samtykkjer, men det gjeld vel snautt i riksstellet.

Forresten gjeld det same her som ovanføre: I tillegget sitt slo ikkje nemnda på at midlandsmakselen berre skulle vera for skuleborna, men at han skulle standa i lærebøkene med. Jamvel om KSD *hadde* gjenge god for heile tilråda frå nemnda, so hadde det like fullt ikkje ført til den skipnaden som Venås og dei andre målsogeboekene hermde ovanføre legg fram.

Til sist hev Venås mållæra hans Lars Eskeland til sanningsvitne, å kalla, for si eiga skjønning av bodstikka frå KSD. Men her må Venås ha mislese Eskeland, for det er ikkje råd å lesa det nemnde tillegget frå Eskeland soleis at han skal ha trutt at KSD hadde gjeve rom til midlandsmakselen i skulen. Her er eit ordrag av dette tillegget:

Naar no ein skrivemaate skulde verta godkjend til skulebruk, so segjer det seg sjølv at det maatte verta Aasens form [...]. Men ein maa ikkje gløyma at den frie vokster er best. [...] Godkjenningi fraa riksstyret si sida kann difor ikkje vera meint som nokor stengsla for den frie maalvokster [...], men berre som ei vegsyn til vanlegt skulebruk, i samhøve med den retten som denne skrivemaaten hev vunne paa sann sogevis.

Det maa ikkje verta so, at det for nokon kjennest som tyngjande tvang, utan so vil det lett verta til aalvorleg kløyving [...] [i] Norig.

Fleire sideformer hev vorte prøvde og forlatne; men *ei* [...] kjem til aa gjera god skil for seg i maalframvoksteren: *midlandsformi* kallar sume henne, etter di ho likjest mest paa bygdemaali i dalarne austanfjells, og det maatte og serleg vera der ho kunde koma til nytta i skulen, um so var, t.d. i dei fyrste skuleaar, og i fyrebuingi til den aalgjengelege landsform. Ein faar daa vona, at ei soveri sideform ikkje kann meinka, men heller gera sitt til aa friska framvokstren av det eine maal for alt folket.

Det kann vera baade rett og rimelegt aa syna i stutte drag, korleis midlandsformi skil seg fraa aalgjengelegt nynorskt skriftmaal (1902: 20–21).

Ingen stad her stend det noko om at KSD hadde godkjent midlandsmakselen i skulen, og ein kan spørja seg om Eskeland hadde valt å mæla so mykje imot KSD i dette tillegget, om han hadde dømta det soleis at KSD kor som er kjende midlandsmakselen god.

I sjølve yversyna av midlandsmakselen ordlegg Eskeland seg slikt, at han snautt kan ha etla han til ei rettskriving i skulen. Mine utmerkingar stend med feit skrift:

Daa **dei** alltid skriv *det* utan *t* (*de*), maa **dei** skriva *de* med stor fyrebokstav (*De*). [...] I samhøve med tilleggsformi av sterke gjerningsord skriv **dei** daa: hev (hadde) *funnist*, *rivist*, *slegist*. I staden for *yver* og *fyre* skriv **dei** *yvi* og *fyri* (1902: 22–23).

Soleis ordlegg ein seg når ein greier ut om eit visst mål til vitende for andre, og ikkje når ein vil gjeva rettskrivingsføresegner for skuleborn.

Sistpå er det eit omstand ved *Norsk formlæra* som Venås ikkje kjem inn på, men som like fullt kjem saka ved, og det er at ho ikkje var godkjend til nøytslebok i skulen. I belet 1906–08 gav Eskeland ut tre hjelpebøker for skriftmålet: *Hjelpebok i norsk rettskriving*, *Norsk rettskrivnings-ordbok* og *Norsk formlæra*. Olaf Norli var bokreiar for alle tre. Store karar moda Eskeland til å senda bøkene sine til KSD for godkjenning i skulen (Eskeland 1936: 22–23). Men av einkvan grunnen vart berre dei to fyrste av desse bøkene godkjende til det, ikkje den siste. Det kunne liggja mykje pengar i å få dette merket, so det kan snautt ha vore på eit råk. Anten sende dei *Norsk formlæra* inn, men fekk henne ikkje godkjend, eller so visste Eskeland (eller Norli) at boka ikkje kom til å verta godkjend kor som er, og valde å ikkje senda henne inn til KSD. Her kan me berre gjeta på grunnen. Men vender me oss til ihaldet i bøkene, er det éin ting som skil *Norsk formlæra* frå hine to, og det er at det berre er den som hev med ordskaipa frå midlandsmakselen. Då var det mest truleg dét som bægde for at ho kunne verta godkjend i skulen, og det er eit bjart teikn på at KSD ikkje hadde opna for at næmingane kunne fylgja midlandsmakselen i skrivinga si. So langt eg veit, finst det ikkje ei einaste godkjend rettskrivingsbok eller mållærebok frå denne tida med midlandsmakselen, endå om bøker om dette emnet fanst, sjå Eskeland (1902; 1908) og Flo (1906). Ein må spørja seg kvifor det skulle vera slikt, er so KSD hadde kjent han god for skuleborna.

Alt ihoplagt kan me seia det soleis: Det finst inkjevetta i det rettskrivingsnemnda, riksstyret eller andre målfolk på den tida skreiv, som er merke på at midlandsmakselen var godkjend rettskriving i skulane. Laurits Saltveit legg det fram rett i den omvølte store Seip-målsoga:

Ein Sprachausschuß [...] schlug 1899 eine Normierung vor, die als „midlandsmål“ bezeichnet wurde [...]. Diese Sprachform wurde aber nie für die Schule anerkannt (Seip 1971: 434).

5 Samlaget og rettskrivingsnemnda

Eit stort spørsmål er kvifor ei rettskrivingsnemnd for landsmålet vart skipa i det heile i 1898. I nokre målsogebøker vert det sagt at det var bokreiingslaget *Det norske samlaget* som stod attanføre dette tiltaket:

Etter opptak fra Det Norske Samlaget nedsatte departementet i 1898 en nemnd til å komme med framlegg om en fast offisiell rettskrivning (Vinje 1978: 254).

Upptaket kom frå Det Norske Samlaget [...]. Det var krinsar i Det Norske Samlaget som fekk departementet til å peika ut ei nemnd som skulde laga framlegg til den offisielle rettskrivingi (Krokvik 1991: 41–42).

Nemnda på tre av 1898 vart sett ned av departementet etter at Det Norske Samlaget hadde gjort opptaket (Venås 1992: 298).

På oppmoding frå Det Norske Samlaget sette Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1898 ned ei nemnd som skulle kome med framlegg til ei offisiell rettskriving for landsmålet (Hoel 2018: 496).

Ingen av desse bøkene legg fram kjelder for dette påstandet. Kjelda hans Jostein Krokvik lyt likevel ha vore Vinje (1978), for Krokvik hev gjort etter ein penneglepp der. Grunnkjelda er likevel snarfunnen; ho er Midttun (1968). Grunnlaget hans Olav Midttun synest vera eit framlag på årsmøtet i Samlaget i 1898 (1968: 83). Men det røynelege oppritet frå årsmøtet gjev ein annan toknad (*Den 17de Mai*, 17/3 1898):

Formannen gav so eit oversyn over det som var gjort i det siste og det som fyrelaag. [...] Ei nemd paa 3 mann (Garborg, Hægstad, Flo) var desuten sett i arbeid med aa emna saman faste rettskrivingsreglar for skulen. Forfattarane maatte ha sin fridom no som fyrr, det berre gagna saki; men skulen turvte noko fast aa halda seg til. Samstundes galdt det aa arbeida norsken og dansk-norsken saman so vidt mogeleg, eins reglar der det gjekk an.

Oppritet seier som sant var, at ei nemnd med samlagsmenn hadde annast med nye rettskrivingsføresegner for skulen, og at det var eit ålag som både “var gjort i det siste og [...] som fyrelaag”. Det som fylgjer, synest vera ei attgjeving av ombodet frå KSD, og me finn det att i innleiinga i tilråda frå 1899 (Hægstad, Garborg o.a. 1899). Det er inkjevetta i dette oppritet som er likende til at det var Samlaget som hadde bede KSD skipa til ei slik nemnd.

Det er heller ikkje til å undrast på at framsegna frå formannen Vilhelm Andreas Wexelsen på årsmøtet samstavast med det som synest å ha vore ombodet frå KSD, for ved dette leitet var formannen i Samlaget samstundes riksråden i KSD. At riksråden vitrar møtelyden i Samlaget om kva ombod han hev sendt nemnda, er med di ikkje eit teikn på at det var Samlaget som hadde lagt opp råda. Det vert å spennja kjerra framanføre hesten.

Venås ser annleis på dette, og kjem til at “[n]emnda må likevel ha vore sett ned før [...] V.A. Wexelsen [...] vart statsråd etter valet i 1898” (1992: 296). Kvifor det “må” ha vore slikt, kjem ikkje Venås inn på. Men det er likt til at Venås hev gjeve i villa her, sidan han synest tru at stortingsvalet

var i 1898. Om det var rett, hadde det visseleg ikkje vore tid for Wexelsen å skipa til ei rettskrivingsnemnd i fyrstninga av det året. Men stortingsvalet var i 1897, då Venstre fekk eit stort yvertal (Lindstøl 1914: 561). At Wexelsen kom til å verta utnemnd til ny riksråd i KSD, var det ålmenn semje om i dagblada alt i tolvtemånaden 1897 (*Den 17de Mai*, 14/12 1897). Embetet fekk han i gjerda 17/2 1898 (Østang 1996: 81–82). Men om Venås hev rett, tyder det at føregangaren åt Wexelsen, Jakob Sverdrup frå Moderate Venstre, lyt ha valt ut ei rettskrivingsnemnd ein gong i belet 1/1–16/2 1898, jamvel om Sverdrup visste at han like etter laut stiga utor embetet sitt.

For det norsk-danske skriftmålet hadde KSD alt i 1893 skipa ei nemnd som skulle “levere en redegjørelse for de ændringer i skrivebrugen, som det kunde blive tale om at indføre i de autoriserede lærebøger” (Gundersen 1967: 67–68). Utgreiinga vart aldri prenta, og på hausten i 1897, då riksråden var Jakob Sverdrup, bad KSD den same nemnda om å koma med ei ny tilråd, som vart prenta i 1898 (*Universitets- og skole-annaler* 1898: 431, Aars o.a. 1898). Er so Sverdrup tykte det var gagn i ei rettskrivingsnemnd for både norsk-dansk og norsk, so må ein spørja seg kvifor han ikkje skipa til ei nemnd for norsk i same venda på hausten i 1897. Det synest mindre rimeleg at han skulle venta med det til etter stortingsvalet og gjera det i den vesle stunda han hadde att i rommet sitt i 1898. Når me ser nærare på kva syn Sverdrup hadde på norsk skriftmål i skulen, kjem det heller skille fram at han knapt såg nokon mon i ei slik nemnd.

I 1896 la Sverdrup riksråd fram for Stortinget eit opplegg til nye loger for den høge ålmennskulen. I bolken som gjeld norsk, § 9.2, slo riksstyret på denne ordleiinga (Ot. Prp. No. 8, sjå *Stortingsforhandlinger* 45(3a)):

At eleverne har gennemgaaet og kan forklare et udvalg af litteraturen, derunder indbefattet den paa oldnorsk, landsmaal og bygdemaal skrevne, [...] samt paa en med hensyn til indhold og form tilfredsstillende maade skriftlig kan behandle opgaver passende for deres alder og udvikling.

Yvertalet i kyrkje- og skulenemnda på Stortinget ville leggja til desse to setningane (Innst. O. VII, sjå *Stortingsforhandlinger* 45(6b)):

De skriftlige Opgaver kan affattes saavel paa Landsmaalet som paa det almindelige Bogmaal; dog skal Eleverne gives fornøden Øvelse i skriftlig Brug af det almindelige Bogmaal.

Wexelsen var ein lut av undertalet i nemnda som ville ordleia tillegget annleis. På deira vegner la han fram denne syna på Stortinget i ordsiftet om dei nye logene. Han minte stortingsmennene på vedtaket frå 1885, der det norske skriftmålet vart jamstelt med det norsk-danske i skulen.

Ei fylgje av det laut vera at det norsk-danske skriftmålet ikkje kunne setjast framanføre det norske, som nemnda hadde gjort i dette tillegget med å seia at næmingane ikkje trong å skriva norsk. Difor mælte Wexelsen føre at den siste setninga heller skulle lyda “Dog skal Eleverne gives Øvelse i at bruge begge Maal skriftlig”, og heldt føre at “Mit Forslag træffer Konsekvensen af Storthingets Beslutninger om Maalenes Ligestilling” (*Stortingsforhandlinger* 45(8i): 1037, 1051).

Sverdrup riksråd mælte imot dette framslaget, og målsemnda hans seier mykje (*Stortingsforhandlinger* 45(8i): 1047, 1062–1063):

Derimod vil jeg bestemt fraraade, at man gaar ind paa det Forslag, som er fremsat af Repræsentanten Wexelsen, nemlig at alle Elever i Gymnasiet skal lære at udtrykke sig baade i Bogsproget og i Landsmaalet, at de skal allesammen lære at skrive begge disse to Sprog. [...] Landsmaalet [...] er et ret vanskeligt Sprog, naar man skal til at bruge det i skriftlig Gjen-givelse, og der er dem som paastaar, at naar man skal gaa strengt tilværks, er der ikke mere end 2–3 Mennesker i Norge for Øieblikket, som fuldt korrekt er istand til at behandle det skriftlig — jeg taler ikke om, at mange nok under meget Arbeide er istand til at skrive paa det Maal, men med fuld Lethed at kunne bevæge sig i det, det tror jeg ikke, mange i Norges Land er istand til for Øieblikket. [...] Jeg mener, at har Maalsagen Sandhedens Berettigelse i sig, da vil den bane sig Vei ved sin egen indre Tyngde og Kraft. [...] Dens Sag vil være svag i samme Grad, som man søger at støtte den op med kunstige Støtter, og en kunstig Støtte vilde det være, forekommer det mig, hvis man her vilde paabyde, at alle i Gymnasiet skal lære at skrive baade Bogsproget og Landsmaalet. [...] For min Del tror jeg, at den heldigste Form i Virkeligheden er den, som Propositionen har valgt, men jeg har heller ikke synderligt at invende mod den Form, Sagen har faaet i Komiteens Flertals Indstilling [...] Men [...] jeg tror navnlig bestemt at maatte fraraade det af Hr. Wexelsens fremsatte Forslag. [...] Gymnasierne [...] kan ikke magte at gennemføre paa ordentlig Maade at lære Eleverne at skrive begge Sprog, som af Hr. Wexelsen foreslaaet. Det vilde simpelthen føre til, at de ikke lærte noget af Sprogene ordentligt, hverken det ene eller det andet, og det er værre end værst.

Ein mann som ikkje tykkjer skulenæmingane “skal lære at skrive [...] Landsmaalet”, som held det for å vera “et ret vanskeligt Sprog” som mest ingen kan skriva, og som evast om målsaka har “Sandhedens Berettigelse i sig”, det er snautt ein mann som tykkjer det er gagn i å skipa ei rettskrivingsnemnd for dette målet i skulen. Sameleis er det vandt å sjå føre seg at Wexelsen eller Samlaget vel eitt år seinare skulle ha greitt å inntelja Sverdrup til dette, særleg når me veit at Sverdrup ved dette leitet må ha skjøna at Wexelsen kom til å taka embetet etter han.

Etter det eg veit, finst det ingen kjelder frå samtida som korkje seier eller ymtar at Samlaget hadde noko beinveges med skipinga av rettskrivingsnemnda å gjera. Her kjem eitt døme på det. På det ovannemnde årsmøtet i Samlaget 17/3 1898 vart Hægstad vald til ny formann. Alt neste månaden skreiv han dette:

I skulen er det reint naudsynlegt at der er ei stø rettskrivning, um borni skal læra lesa og skriva so det vert nokon mun i det. Kyrkjedepartementet hev difor iaar valt ei nemnd paa tri medlemer (A. Garborg, R. Flo og underskrivne) til aa gjera framlegg um rettskrivningi av landsmaalet i skulebøker (1898: 2).

Her lèt det som det var KSD, som hadde ansvaret for skuleverket, som sjølvmint skipa til nemnda til bate for skuleborna. Ein skulle tru at Hægstad, med di han var formannen i Samlaget, hadde ordlagt seg annleis, var det so at Samlaget hadde gjenge føre i dette omsutsverket.

Dersom Samlaget til røyndar ville fremja ei rettskrivingsnemnd for KSD, so fær han tru det var ei sak som vart drøft på møta deira. Like fullt synest det ikkje vera til noko opprit som målber at dette vart drøft, jamvel om det er kjent at det var usemje i laget når det galdt riksstyrd rettskriving. Ein av dei fremste målmennene i laget, Lars Eskeland, tykte på den tida at “det var for tidleg for riksstyret å blanda seg upp i nynorsk rettskriving”, men held fram at “[s]ume av målmennene i Oslo” ville det annleis (1936: 23). Eskeland budde på Voss, og her hugsar Eskeland fulla på Wexelsen og dei tre nemndmennene, som alle heldt til i Oslo. Eskeland nemner ikkje Samlaget i denne utgreiinga.

Det ser heller ikkje ut til at det finst noko brev til eller frå KSD som syner at Samlaget hadde noko med skipinga av nemnda å gjera. I alle høve hev korkje Kjell Haugland eller Kjell Venås funne noko slikt i dei ymse gøymslene dei gjekk igjennom for bokverka sine (Haugland 1985: 241; Venås 1992: 464). Bygt på granskarverksemda si kjem Haugland til eit heilt anna utfall i dette stykket enn Midttun gjorde:

[...] departementet tok i slutten av 1890-åra initiativ for å få *ei offisiell rettskriving av landsmaalet til skulebruk* (1985: 152, hans utmerking).

Alt ihoplagt er det inkje som er merke på at det var Samlaget som gjorde framstøyten for ei rettskrivingsnemnd for skulen. Etter alt å døma var det riksråden og KSD som sjølvmint fór fram med dette verket. Det var dei som hadde ansvaret med rettskrivinga i skulen, og med di var det rimeleg at tiltaket kom derifrå.

6 1901-rettskrivinga og “Hægstad-makselen”

Som synt i bolk 4 var det målsyna hans Hægstad i 1899-tilråda som vart den endelege tilråda frå nemnda i 1901. Då KSD tok ved at *Landsmaals-ordlista* hans Skard skulle fylgjast i skulen, skreiv dei at ordsamninga stod “i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form”. Difor vart 1901-rettskrivinga alt i samtida kalla “Hægstadnormalen” (sjå t.d. Eitrem 1908).

I målsogebooker vert det gjerne framlagt soleis, at KSD tok ved rettskrivingsframslaget frå Hægstad:

Det ble [...] nedsatt en komité som skulle vurdere en revisjon av rettskrivingen. Arne Garborg var en av dem som var med i komiteen, og han [...] foreslo [...] *midlandsnormalen*. Men departementet bestemte at de endringene som Marius Hægstad (1850–1927) foreslo, skulle bli de offisielle (Nesse 2013: 155–156).

Garborg og Flo gjekk inn for ein ny normal, den såkalla *midlandsnormalen* [...]. Hægstad ønskte derimot ei modifisert utgåve av Aasen-normalen. Etter ein høyringsrunde bestemte departementet seg for å følgje Hægstad [...] (Torp og Vikør 2014: 192–193).

Her gjekk Garborg og Flo inn for det som seinare er blitt kalla “midlandsnormalen”. Men det var Hægstads framlegg om ein meir varsam revisjon av Aasen-normalen som – etter ein uttalerunde – blei fastsett av departementet som offisiell landsmålsnormal i 1901 (Jahr 2019: 37).

Den same syna finn me mellom anna hjå Haugland o.a. (2002: 91–92) og Hoel (2018: 496). Men som me hev sett i dei førre bolkanen, tok KSD ved at rettskrivinga i skulen skulle fylgja *Landsmaals-ordlista* hans Skard, ikkje at ho skulle fylgja rettskrivingsframlegget hans Hægstad i fråsegnene frå nemnda i 1899 og 1901. Han kan lett tru at det gjeng ut på det same, men radt difor er det om å gjera å få fram at rettskrivinga i Skard (1901) ikkje er fullik den i Hægstad, Garborg o.a. (1899; 1901).

Hægstad ville strjuka alle daude *t*-ar i rettskrivinga, minder han stod etter sjølvljoden *e* (Hægstad, Garborg o.a. 1899: 120; 1901: 14–16). Det gamle *annat*, *hev kastat*, *hjärtat*, *kvat* og *nokot* skulle heller skrivast *anna*, *hev kasta*, *hjärta*, *kva* og *noko*, men dei daude *t*-ane i ei setning som *Det brevet vart skrivet* skulle ein halda på, sidan dei stod etter *e*. Ein skulle likevel kasta *t*-en i lagorda *litet* og *mykjet*, endå han stod etter ein *e*. Flo fylgde Hægstad i dette stykket, men Garborg ville ikkje ganga med på ein sovoren skipnad; han ville kasta alle daude *t*-ar, same *kva* (1901: 16). Dette er grunnen til at bodstikka frå KSD i 1901 ikkje nemner Gar-

borg, men skriv “i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form”.

Då skulle ein tru at den rettskrivinga som vart godkjend, den som stod i Skard (1901), fylgde Hægstad og Flo i dette stykket. Men det gjorde ho ikkje, for Skard strauk *t*-en i dei sterke segnorda og skreiv heller *Det brevet vart skrive* (Skard 1901: 5). Me kjenner ikkje grunnen til at Skard førde inn dette nye brigdet. Venås trur Skard kan ha mislese framlegget frå rettskrivingsnemnda (1992: 307). Det treng me ikkje ganga inn på her, for utfallet vert i alle høve at den riksgodkjende rettskrivinga frå 1901 skil seg frå den tilråda Hægstad kom med. Når KSD held rettskrivinga i Skard (1901) for å vera “i den af Herrerne Professor Hægstad og Cand. mag. Flo anbefalede Form”, so må det koma av ei gåløyse hjå einkvan embetsmannen. Mest truleg hadde ingen i embetsverket halde saman framlegget frå rettskrivingsnemnda med Skard (1901) og saumfare dei for likskapar og skilnader. Dei syntest å samstavast i det meste, og det kan ha vore godt nog for KSD.

Denne drøftinga om Skard (1901) og Hægstad-framslaget kan synast å vera ei heller ranggløgg hårkløyving, men i røynda er skilnaden stor nog til at det fær merkande fylgjer. For no som det hev vorte eit omkvede i rettskrivingsoga at KSD fylgde tilråda frå Hægstad og tok ved rettskrivingsframslaget hans, kan det so snart henda at ein snur det på hovudet og kjem til at alt som stend i rettskrivingslæra hans Skard (1901), er å finna att i framslaget frå Hægstad. Eit slik misgrep finn me til dømes hjå Vikør (1998) og Rambø (2018: 515–516), der det stend at det var Hægstad sjølv som ville kasta *t*-en i dei sterke segnorda og skriva *hev funne* i staden for *hev funnet*.

Ei rettare framsyning av saga hadde vore å seia at 1901-rettskrivinga bygde på tilråda frå Hægstad, men at ho skilde seg frå henne i nokre ein-skilddrag. Eit godt framlag av den rette tilburden finn me hjå Achille Burgun:

En 1898, [...] le ministre des cultes chargea également une commission de trois membres de faire un rapport sur l'orthographe du *landsmaal*. [...] Deux de ces membres, GARBORG et FLO, proposèrent d'adopter [...] “la langue du centre” (*Midlandsmaalet*) [...]. HÆGSTAD défendit encore le système morphologique adopté par AASEN [...]. Et c'est son orthographe, à quelques détails près, qui fut adoptée comme officielle en 1901 et imposée aux écoles (Burgun 1921: 199).

7 Samandrag

I dette stykket hev eg gjenge igjennom ymse sider av rettskrivingsvedtaket i 1901, og synt at det hefter seg somme utbreidde mistydingar av vedtaket og kva det førde til. Denne gjennomgangen hev kome til desse fylgjesetningane:

1. Rettskrivinga frå 1901 var ikkje den fyrste riksgodkjende makselen for landsmålet, men det var fyrste gongen landsmålsmakselen vart om-bøtt.
2. Vedtaket galdt berre rettskrivinga i skulen, ikkje for riksstyringsverket.
3. Ei rettskrivingsnemnd for landsmålet rådde til at dei skulane som ville det, kunne hava “midlandsmakselen” i skriftmålsopplæringa og lærebøkene sine. Riksstyret gjekk ikkje god for denne tilråda, og det kjende ingen lærebøker med midlandsmakselen for gode i skulen.
4. Det finst inkjevetta som peikar mot at det var andre enn KSD sjølv som gjorde opptak til at denne rettskrivingsnemnda skulle skipast.
5. KSD tok ved at skulen skulle fylgja rettskrivinga i Skard (1901). Denne byggjer på rettskrivingstilråda frå Marius Hægstad, men dei skilst i somt.

Tilvisingar

- Bull, Tove (styr.). 2018. *Norsk språkhistorie*. Band 3: *Ideologi*. Oslo: Novus.
- Burgun, Achille. 1921. *Le développement linguistique en Norvège depuis 1814*. Band 2. Videnskapsselskapets skrifter. II. Hist.-filos. klasse 1921 5. Kristiania: Jacob Dybwad.
- Eitrem, H. 1908. *Samarbeide mellem landsmaal og riksmaal?* Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Eskeland, Lars. 1902. *Norsk formlæra*. Med godkjend rettskriving. 5. utg. Alb. Cammermeyers forlag.
- . 1906a. *Hjelpebok i norsk rettskriving*. 3. utg. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- . 1906b. *Norsk rettskrivnings-ordbok*. Kristiania: Olaf Norli.
- . 1908. *Norsk formlæra*. Med godkjend rettskriving. 6. utg. Olaf Norlis forlag.
- . 1936. *Framveg og avvegar. For norsk målreising*. Bergen: A. S Lunde & Co's forlag.
- Flo, R. 1906. *Midlandsmaal. Etter framlegge fraa rettskrivingsnemndi i 1899*. Arne Garborg styrde. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- Grepstad, Ottar. 2006. *Frå den nynorske skriftkulturens annalar 1646–2005*.
- Gundersen, Dag. 1967. *Fra Wergeland til Vogt-komiteen. Et utvalg av hovedtrekk og detaljer fra norsk språknormering*. Universitetsforlaget.

- Haugen, Einar. 1966. *Riksspråk og folkemål. Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. [1969]. Universitetsforlaget.
- Haugland, Kjell. 1985. *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Vår nære fortid. Oslo: Det norske samlaget.
- Haugland, Kjell, Leif Ramsdal, Lars Vikør og Dagfinn Worren. 2002. Den nasjonale revolusjonen (1814–1905). *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. Olaf Almenningen, Thore A. Roksvold, Helge Sandøy og Lars S. Vikør styrde. 6. utg. Oslo: Universitetsforlaget. 56–96.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 2018. Unionstida med Sverige (1814–1905). *Norsk språkhistorie*. Band 4: *Tidslinjer*. Agnete Nesse styrde. Oslo: Novus. 425–502.
- Hægstad, Kr. M. 1879. *Norsk Maallæra, elder Grammatik i Landsmaalet*. Nam-sos: Eiget Forlag.
- . 1898. *Norsk maallæra, eller grammatik i landsmaalet*. 3. utg. Bergen: Fr. Nygaards forlag.
- Hægstad, Marius, Arne Garborg og R. Flo. 1899. *Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne*. Fyrelagt det kongelige departement for kirke- og undervisningsvæsenet. Tillæg til univ.- og skoleannaler. Kristiania: A. W. Brøgers bogtrykkeri.
- . 1901. *Tillæg til „Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne“*. Bilag til Univ.- og skoleannaler. Kristiania: A. W. Brøgers bogtrykkeri.
- Jahr, Ernst Håkon. 2019. *Språkplanlegging og språkstrid. Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. 2. utg. Oslo: Novus.
- Krokvik, Jostein. 1991. *Mål og vanmæle. Frå saga um norsk offentleg skriftmål*. Bergen: Norsk bokreidingslag.
- Lindstøl, Tallak. 1914. *Stortinget og statsraadet. 1814–1914*. Efter offentlig foranstaltning. Band 2: *De enkelte Storting og statsraader*. Kristiania: Steenske bogtrykkeri.
- Midttun, Olav. 1924. Tillegg. *Norsk målsoga. For skule og heim*. Marius Hægstad skreiv. 4. utg. Norske folkeskrifter 22. Oslo: Noregs ungdomslag og studentmål-laget. 49–51.
- . 1968. 1868–1918. *Det norske samlaget. 1868–1968*. Bjarte Birkeland, Reidar Djupedal, Alf Hellevik og Dagfinn Mannsåker styrde. Oslo: Det norske sam-laget, 59–98.
- Nesse, Agnete. 2013. *Innføring i norsk språkhistorie*. Cappelen Damm Akade-misk.
- Otnes, Hildegunn og Bente Aamotsbakken. 1999. *Tekst i tid og rom. Norsk språkhistorie*. 5. utg. 2017. Oslo: Det norske samlaget.
- Rambø, Gro-Renée. 2018. Det selvstendige Norge (1905–1945). *Norsk språkhis-torie*. Band 4: *Tidslinjer*. Agnete Nesse styrde. Oslo: Novus. 503–602.
- Seip, Didrik Arup. 1971. *Norwegische Sprachgeschichte*. Grundriß der germa-nischen Philologie 19. Bearbeitet und erweitert von Laurits Saltveit. Berlin: Walter de Gruyter.
- . 1976. *Lita norsk språkhistorie*. Nynorsk. 18. utg. Ved Oddvar Nes. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).

- Skard, Matias. 1901. *Landsmaals-ordlista. Med rettleiding um skrivemaaten*. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard).
- Skard, Vemund. 1979. *Norsk språkhistorie*. Band 4: 1884–1907. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 2014. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 4. utg. Oslo: Gyldendal.
- Venås, Kjell. 1992. *I Aasens fotefar. Marius Hægstad*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1998. Rettskrivingsreformer i nynorsk i dette hundreåret. *Språknytt* 26(1): 4–6.
- . 2018. Standardspråk og normering. *Norsk språkhistorie*. Band 3: *Ideologi*. Tove Bull styrde. Oslo: Novus. 327–419.
- Vinje, Finn-Erik. 1978. *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. 2. utg. Aschehoug.
- Østang, Øivind. 1996. *Det norske statsråd. 1814–1945*. Statsministerens kontor.
- Aars, J. 1885. *Retskrivnings-regler til skolebrug*. 7. utg. Kristiania: W. C. Fabricius.
- Aars, J., S. W. Hofgaard og Moltke Moe. 1898. *Om en del rettskrivnings- og sprøgs-spørsmål*. Redegjørelse til det kongelige departement for kirke- og undervisningsvæsenet. Særaftryk af univ.- og skoleannaler. Kristiania: A. W. Brøggers bogtrykkeri.
- Aasen, Ivar. 1864. *Norsk Grammatik*. Omarbeidet Udgave af „Det norske Folkesprogs Grammatik“. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.

